

Møter lesekrise med nye krav

Den svenske regjeringa vil krevje at skulebarn får leseopplæring med lydmetoden. Ei gruppe norske lærarar etterlyser metodekrav også i norsk skule.

LESING

CHRISTIANE JORDHEIM
LARSEN

christiane@dagotid.no

Alle som les denne artikkelen, har lært å lese ein gong. Og mange vil ha lært å lese via lydmetoden. Dei fyrste setningane kan ha sett slik ut: «ola lo», «le ola», «eli sa is».

Lydmetoden, altså at ein lærer kva lyd den enkelte bokstaven har, for så å trekkje lydane saman til ord – fyrst korte, så lengre – har opp gjennom historia stått sterkt i både den norske og den svenske skulen. Og metoden er effektiv for nybyrjarane. Men dei drastiske resultatfalla i internasjonale leseundersøkingar som PIRLS og PISA, i Sverige som i Noreg, har fått ein del svenske leseforskarar og politikarar til å stille spørsmålet om lydmetoden står sterkt nok.

Den svenske regjeringa har komme til at han ikkje gjer det. Nyleg foreslo kunnskapsministeren å redusere metodefridommen i leseundervisninga for dei yngste. Lærarane skal ikkje lenger kunne velje den metoden dei sjølv trur fungerer best. I staden har regjeringa lagt fram læreplanar som stadfester at leseundervisninga skal vere tufta på vitenskap, og at strukturert lydmetode skal liggje til grunn for lese- og skriveopplæringa. Dei nye læreplanane vart lagde fram for Riksdagen i mars.

ULIKE METODAR

Sidan slutten av 1980-åra har lydmetoden (også kjend som *phonics* eller syntetisk lesemetode) i leseundervisninga fått selskap av andre undervisningsmetodar, som legg større vekt på mening og heile ord (også kjent som *whole language* eller analytisk lesemetode). Lydmetoden har vorte dels erstatta og dels kombinert med meir meiningsbaserte metodar. Kva metode den enkelte eleven har møtt i klasserommet, har dels vore opp til den enkelte læraren. Også metodefridommen har stått sterkt i norsk og svensk skule.

– Alle lærarar seier, når ein spør dei, at dei nyttar lydmetoden.

Dette er saka:

■ Den svenske regjeringa har foreslått nye læreplanar i skulen.

■ I svenskopplæringa skal det vere obligatorisk å undervise i strukturert lydmetode.

■ Ei gruppe norske lærarar argumenterer for å sjå til Sverige.

■ Både i Noreg og Sverige har lesetestane PISA og PIRLS vist fallande leseevne og leseøst blant elevar.

Men skrapar ein litt i overflata, ser ein at dei ikkje nyttar metoden så strukturert som ein skulle ønskt, seier Linda Fälth, som er professor og fungerande viserektor ved lærarutdanninga ved Linnéuniversitetet.

– Om undervisninga hadde vore nøye og tydeleg, hadde ikkje 24 prosent av dei svenske tiårningane lege på det lågaste nivået i PIRLS-testen, seier ho.

Det siste året har Fälth teke del i ei regjeringsnedsett ekspertgruppe som har vurdert både lærarutdanninga og læreplanane i den svenske skulen. Det er ho som står bak forslaga om kva

svensk står det at både 1. og 2. steg skal få undervisning i strukturert lydmetode.

– Planen seier klart at alle lærarar må jobbe med bokstavattkjenning, fonologisk medvite og lydbasert lesing. Det skil seg klart frå den tidlegare læreplanen. Den nye vil vere mykje meir detaljert, seier Fälth, som gjerne også vil ha inn i læreplanen kva bokstavar ein bør byrje med fyrst.

Regjeringa legg òg opp til å leggje om lærarutdanninga, der studia i strukturert lydmetode skal styrkjast.

– Lærarutdanninga skal få ei mykje sterkare vitskapeleg retning. Forsking peiker utvitydig på lydmetoden som den mest effektive, og då må alle lærarutdanningar lære han bort. Ein skal ikkje lenger kunne velje metode.

Fälth er overtydd om at snuooperasjonen i den svenske skulen vil gje resultat.

– Om det går slik det ser ut i dag, vil det vere eit kjempesteg i rett retning – både når det gjeld læreplanar og lærarutdanning.

DEBATT BLANT LÆRARAR

Også i Noreg finst det lærarar som tek til orde for å gjere strukturert lydbasert leseundervisning obligatorisk på dei fyrste stega i skulen. Fleire av dei diskuterer temaet med stor iver i Facebook-gruppa «Lærere for evidensinformert

lærer på ei tilrettelagd avdeling ved ein vidaregåande skule. I eit av Facebook-innlegga sine skriv ho at ho har sett mange av andleta bak PISA-tala – elevar som ikkje les godt nok til å forstå det som står i lærebøkene. Det finst eit faguttrykk for dei: funksjonelle analfabetar. Kvifor har dei ikkje fått hjelp?

Lenge trudde Furuberg det var på grunn av manglande tid og ressursar. No har ho innsett, skriv ho i innlegget, at det finst ein annan viktig grunn: Lærarane har ikkje fått opplæring i dei beste og mest oppdaterte metodane for leseundervisning.

«Det har tatt meg mange år å akseptere at det faktisk er slik, men i et vanlig norsk lærerutdan-

måten å jobbe på er vorten vatna ut, seier ho.

Dei ulike tilnærmingane til lesing vert reflekterte i lærebøkene for dei fyrste skulestega. Medan enkelte introduserer bokstavane éin om gongen og så set dei saman til enkle ord, introduserer andre bøker heile setningar frå starten av.

– Mange bøker går rett på.

– Den systematiske måten å jobbe på er vorten vatna ut.

Klara Furuberg, lærar



– Lærarutdanninga skal få ei mykje sterkare vitskapeleg retning.


Linda Fälth,
professor ved Linnéuniversitetet



læreplanen i svensk bør innehalde. Sverige skal i 2028 gå frå niårig til tiårig grunnskule, og i dei foreslåtte læreplanane for

undervisning», administrert av Klara Furuberg og to andre lærarar.

Furuberg er tilsett som norsk-



20

ningsløp lærer man ikke lærerstudentene det som den oppdaterte forskningen sier om lesing. Selv det å skrive denne setningen synes jeg er veldig rart, det er nesten uvirkelig. Det er også en skarp kontrast til det internasjonale forskningsfeltet hvor man de siste årene har gjort store framskritt for å avdekke hva som egentlig skjer i hjernen vår når vi lærer å lese.»

IDEOLOGIBASERT LÆRING

Sjølv fordjupa Furuberg seg i korleis menneskehjernen lærer seg å lese, då ho tok ein tverrfagleg mastergrad i lese- og skriveforskning.

– Den empiriske forskinga frå store kontrollerte studiar viser at lydmetoden vi brukte tidlegare, er veldig effektiv. Men så har vi i staden fått ei ideologibasert leseopplæring, som vektlegg mening og heile ord. Den systematiske

Når barna lærer s, vert det også forventat at dei skal lese tekstar med bokstavar dei ikkje har lært enno. I boka dottera mi hadde i skulen, byrja dei til dømes med i, og deretter hadde dei med ein x i teksten. At x vert brukt på den fyrste sida, viser at vi har mista den kollektive kunnskapen om lydmetoden. Tidleg leseopplæring skal basere seg på mykje brukte bokstavar. X-en gjer berre lesinga vanskelegare.

Furuberg seier leseopplæring der ein ser på heile ord om gongen, ikkje fungerer, fordi metoden ofte får barn til å gjette kva som står.

– Denne metoden har negativ effekt på læringa. Så meiner mange at ein skal ha ein balanse, der du tek inn litt av lydmetoden og litt av *whole language*-metoden. Det ein ser då, er at jo større del av metoden som er *whole language*, jo dårlegare lærer barna å lese.



Læreboka *Med a og b til Alababa* av Sigrun Vormeland vart brukt i norske grunnskular i 1970- og 1980-åra. Elevane skal terpe på bokstavlydar for å knekkje lesekode. Skjermbilete av Sigrun Vormelands *Med a og b til Alababa* er henta frå Nasjonalbiblioteket

Furuberg legg til at barna sjølv sagt også skal oppleve komplekse og meningsfulle tekstar, men at det kan skje via høgtlesing.

– I nett den tidlege fasen av lesinga er det viktigare at dei trener på tekstar med bokstavar dei har lært.

PHONICS STÅR STERKT

Nasjonalt lesesenter ved Universitetet i Stavanger (UiS) er blant dei leiande fagmiljøa for lesing og leseopplæring her i landet.

Blant prosjekta lesesenteret har vore involvert i, er den nasjonale lese- og skrivestrategien Språkløyper, lansert av Kunnskapsdepartementet i 2016. På nettsidene til Språkløyper er det produsert tre videoar om lesemetode, retta mot lærarar i dei fyrste klassestega: éin video om *phonics* (strukturert lyd-basert metode), éin video om *whole language* (metode basert på mening og heile ord), og éin video om kombinasjonsmetode. Videoane slår ikkje fast kva metode som er den mest effektive, men legg opp til at lærarane skal diskutere korleis dei bruker metodane i undervisninga.

Sidan har lesesenteret utvikla ei rekkje ulike lærerressursar, som tek utgangspunkt i både lydmetode og leselyst.

Karianne Megard Grønli er postdoktor ved Nasjonalt lesesenter og fekk nyleg plass i den regjeringsnedsette lesekommissjonen, som skal gje tydelege råd om korleis barn i barnehage og skule skal jobbe med lesing. Ho er oppteken av at mening må vere til stades i leseopplæringa frå fyrste stund, parallelt med opplæring i bokstavlydar. «Jeg er opptatt av å forstå lesing som en tolkningsferdighet – en aktiv søken etter mening, ikke bare korrekt avkodning», skriv ho i presentasjonen av seg sjølv.

– Har norske lærarar god nok kunnskap om kva for ei leseopplæring som er mest effektiv?

– Eg jobbar mykje med å vidareutdanne og rettleie lærarar og med kompetansenettverk i skular og kommunar. Vi jobbar med å auke kompetansen i leseopplæringa, så vi kan ikkje svare ja på det. Det er potensial for å lære meir, og feltet slåst om plassen i utdanninga for grunnskulelærarar. Kompetansen vil variere ut frå kva utdanning lærarane har, og korleis ulike felt har vore vekta i utdanninga. Det varierer også kor systematisk skular og lærarar jobbar med lese- og skriveopplæring.

– Burde Noreg følgje forslaget



– Metodefridommen står sterkt i Noreg.

Karianne Megard Grønli, postdoktor ved Nasjonalt lesesenter

frå den svenske regjeringa – og få strukturert lydmetode inn i læreplanen?

– Det står i læreplanen at ein skal jobbe med bokstavar og lydar, men det er eit spørsmål om kor detaljert ein skal gå til verks. Metodefridommen står sterkt i Noreg. Det er ikkje tradisjon for at læreplanen går inn i detaljar.

– Men kan metodefridommen føre til at elevane får både ulik opplæring og opplæring av ulik kvalitet?

– Ja, på bakgrunn av meto-

defridommen gjer ein ting forskjellig. Men mitt inntrykk er at lydmetoden står sterkt i norsk byrjaropplæring. Derfor trur eg ikkje løysinga er å følgje det svenske forslaget. Eg trur ikkje det er det vi treng for å løfte leseopplæringa.

– Vert forskinga på lesemetodar tolka ulikt i fagmiljøet?

– Det er i dag semje i leseforskninga om at ein skal jobbe systematisk med å knyte lyd til bokstav. Forskinga viser at effekten av arbeid med lydmetoden er betre når han vert kombinert med gode tekstar og aktivitetar. Eleven må oppdage at lydar og bokstavar vert brukte til noko meningsfullt. Vi veit også at motivasjon, meistring og elevane si

oppleving av seg sjølv som lesar er viktig for utviklinga. Det er ei drivkraft for å orke å øve på bokstavane.

Grønli vil rette merksemda mot kva som kjenneteiknar god undervisning, og korleis lærarar kan få støtte i å jobbe systematisk med alle sider av leseopplæringa. Ho seier debatt om éin metode fort vert forenkla og polarisert. Ho har ikkje tru på ei fast oppskrift i leseundervisninga.

– Lydmetoden er berre éin av tinga vi treng å jobbe systematisk med, seier ho.

Grønli er også oppteken av at fagdebattar i andre land ikkje automatisk lèt seg overføre til norske tilhøve. For debatten om lesemetode har gått i fleire land, til dømes Storbritannia og USA. Ho seier *whole language*-tilnærminga har vorte langt meir dominerande i USA enn i Noreg. Dette har vore ein metode der barna blant anna får hint og skal gjette seg fram til kva ord og setningar betyr.

– I Noreg har vi heile tida hatt sterk tradisjon for å jobbe med lydmetoden.

POLITISK DRIVKRAFT

I Sverige har debatten om lesing og skule hatt eit politisk preg. Då regjeringa den 18. mars la fram ei rekkje reformforslag, snakka utdanningsminister Simona Mohamsson om å gjenopprette kunnskapsskulen. Statsråden for høgare utdanning, Lotta Edholm, sa at regjeringa no tok eit oppgjør med det postmoderne kunnskapssynet med røter i 1990-åra. Å endre den svenske skulen har vore ei merkesak for Liberalerna, som sit i regjering saman med Kristdemokraterna og Moderaterna, med Sverigedemokraterna som støtteparti i Riksdagen.

I fagbladet *Vi Lärare* har lærarar og andre fagpersonar ført hard debatt om dei nye læreplanane.

Linda Fälth legg ikkje skjul på at endringane i svenskfaget er drivne fram av politikarar.

– Ja, det har vore eit politisk kjernesporsmål for høgresida, og særleg Liberalerna. Enkelte har kritisert prosessen for å gå for fort, medan andre har synst at det er på høg tid at det skjer noko, seier ho.

Kva som skjer med forslaget frå regjeringa, kjem også an på den politiske oppslutninga.

– Vi har riksdagsval i Sverige

til hausten. Det er jo ikkje sikkert regjeringa vert sitjande, så då veit vi ikkje kva som skjer, seier Fälth.

Klara Furuberg trur det er opp til politikarane å presse fram klarare metodekrav i skulen. Trass i stort engasjement i Facebook-gruppa ho administrerer, oppfatar ho at miljøet kring lærarutdanninga lyttar lite til kritikk.

– Debatten vert ofte vanskeleg, fordi ein fort vert oppfatta som ein betrevitar som vil ta frå elevane meningsfulle opplevingar med tekst. Men eg står greitt i det, fordi denne debatten handlar om opplæringa elevane får. Det er ingen som utviklar leseglede om dei ikkje lærer å avkode med flyt fyrst.

SER PÅ METODAR

Dei norske læreplanane er overordna heller enn detaljerte. Dei har kompetanssmål, men ikkje krav til metodikk. I løpet av 2. steg skal elevane til dømes kunne strekkje bokstavlydar saman til ord under lesing og skiving. Dag og Tid har spurt om kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun (Ap) vil sjå på metodefridommen i den norske leseopplæringa, og vurdere å gå i same retning som Sverige. Statssekretær Øyvind Jacobsen (Ap) svarer skriftleg:

«Denne debatten og fallende leseresultater blant norske elever er hovedårsaken til at regjeringen som en del av leseløftet i Plan for Norge har satt ned en egen lesekommissjon. Den består av medlemmer som har solid faglig bakgrunn og mye erfaring fra praksis. Kommisjonen skal levere tydelige anbefalinger om hvordan barnehager og skoler bør jobbe med lesing for å løfte barn og unges leseferdigheter og leselyst. Da er naturligvis metodebruk noe kommisjonen vil gå inn i. Når vi vet at noe fungerer bedre enn noe annet, må alle lærere få vite om det. Kommisjonen skal levere sine anbefalinger innen 15. januar neste år.»



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen